



SUND TURLAG  
5381 GLESVÆR

Dato: 07.04.2016  
Vår ref.: 2016/87-38  
Saksbehandlar: eirkniv  
Dykkar ref.:

## **Turskiltprosjektet – det skal merkes i hele landet! Tilsagn om tilskot til merking og gradering av turløyper i Hordaland 2016 – turskiltprosjektet over Vetten**

### **Om ordninga:**

Turskiltprosjektet – det skal merkes i hele landet! er eit samarbeid mellom Gjensidigestiftelsen og fylkeskommunane. I Hordaland er det etablert eiga tilskotsordning med bidrag frå Gjensidigestiftelsen og Hordaland fylkeskommune. Kommunane kan søkje om tilskot i samarbeid med frivillege lag og organisasjonar.



### **Søknad:**

Prosjekt: Turskiltprosjektet over Vetten

Prosjekteigar: Sund turlag

Kommune: Sund

### **Handsaming av søknaden:**

Den 17. mars 2016 fordelte ei tildelingsgruppe med representantar frå Bergen og Hordaland turlag, Bergen og Omland friluftsråd, Kvinnherad kommune/ Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Askøy kommune, Gjensidigestiftelsen og Hordaland fylkeskommune kr. 1.880.000 etter gjeldande nasjonale retningslinjer. Tildelinga vart vurdert i samanheng med statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet og friluftsliv.

### **Vedtak:**

**De er tildelt 130 000 kr for merking og gradering av turløyper over Vetten.**

### **Vilkår:**

Prosjektet må gjennomførast i samsvar med søknaden. Ei større endring må sendast fylkeskommunen for godkjenning. Dersom planane vert endra utan godkjenning, eller prosjektet ikkje vert slutført innan normert tid kan eventuelle utbetalte midlar krevjast tilbakebetalt.

Minner om følgjande vilkår for tildeling:

- Nasjonal standard for merking og gradering skal nyttast. Denne kan lastast ned frå

[www.merkehandboka.no](http://www.merkehandboka.no) eller «Manual – Turskiltprosjektet», [www.turskiltprosjektet.no](http://www.turskiltprosjektet.no)

- Minst ein ansvarleg gjennomfører eit «skilt- og merkekurs» i regi av det nasjonale prosjektet (med mindre tilsvarande kompetanse kan dokumenterast). Det vert dagskurs i Bergen tysdag 26. april, på Sveio onsdag 27. april og kveldskurs i Lindås 28 april. Invitasjon til turskiltkurs er vedlagt og frist for påmelding er fredag 22. april.
- Det må liggja eit lokalt samarbeid til grunn for prosjektet.
- Plan for drift og vedlikehald i minimum ein 10-års periode frå det tidspunkt tiltaket er ferdigstilt.
- Marknadsføringsplan (turkort, publisering, kart, nettstader, media, anna infomateriell).
- Plan for auka bruk (arrangement ved opning, turkort, anna tilrettelegging langs turløypa osv).
- Alle prosjekta må ha skriftleg grunneigaravtalar, og dei skal følgja sluttrapporteringa.

#### Midlane skal nyttast til:

- Infrastruktur (skilt og informasjonstavler)
- Innholdsproduksjon
- Turkort

#### Vilkår elles:

- Det skal rapporterast undervegs når det vert bede om og tilretteleggje for synfaring ved behov.
- Prosjektet pliktar å bidra til å evaluere turskiltprosjektet "det skal merkes i heile landet».
- Gjensidigestiftelsen og fylkeskommunen skal opplystast som finansieringskjelder når det blir informert om prosjektet til media, samarbeidspartnarar eller andre. Ved trykt presentasjon av prosjektet (brosjyrar, nettsider, skilt, infotavler mv.) skal logoane til Hordaland fylkeskommune og Gjensidigestiftelsen vera med.

#### Utbetaling. Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015

75 % av tilsagnsbeløpet kan bli utbetalt etter 1. mai. Då får Hordaland fylkeskommune overført tildelte midlar frå Gjensidigestiftelsen.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- *Link til fakturaportal* <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

- *Link til brukarrettleiing*

<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarrettleiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2016/87

Ressurnummer: 400006

Beløp: 130 000 kr

Siste 25% av tilsagnsbeløpet vert utbetalt på bakgrunn av sluttrapport og rekneskap revidert av eigen revisor. For prosjekt som får tilsagn på over kr 100.000, skal det leggst fram revisorgodkjent rekneskap i samband med sluttutbetalinga. Minner om at verdien av dugnadsarbeid er sett til kr 300 pr. time.

**Rapportering:**

Det skal statusrapporterast på vedlagt skjema innan 30.11.2016 uavhengig av kor langt i arbeidet en har kome. Sluttrapport skal leverast innan 30.11.2017. Om ikkje sluttrapport føreligg innan fristen kan midlane bli inndregne.

**Klagetilgang og dokumentinnsyn**

I medhald av forvaltningslova § 28 har part eller andre med rettsleg klageinteresse rett til å klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klaga skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Som part har de rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som går fram av forvaltningslova § 18 og 19.

Vi ønskjer lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Dersom de har spørsmål til saka ta kontakt med Eirik Knive, tlf: 55 23 91 66 og e-post [eirik.knive@hfk.no](mailto:eirik.knive@hfk.no)

Med vennleg helsing

Per Morten Ekerhovd  
kst fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
fylkesidrettssjef

Sakshandsamar: Eirik Knive, rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*